



Møtereferat frå felt: Hovudvassleidning Krakk - Knapphus

Møtetid og stad: Knapphus, 02.06.2026

Til stades:

Namn	Firma	Tlf	Epost
Willy Skulerud	Vindafjord kommune		Willy.skulerud@vindafjord.kommune.no
Thomas Rolfsen	Risa AS	904 79 013	Thomas.rolfsen@risa.no
Morten Hadland	Risa AS		
Robert Nordtveit	Bjarne Nordtveit AS	480 38 324	robert@bnordtveit.no
Håvard skjold	Ottar skjold maskin as	908 46 284	haavard@ottarskjold.no
Rune Gundersen	Vassbakk & Stol	909 52 345	Rune.gundersen@vassbakk.no
Alf Olav Sætre	Vassbakk & Stol	930 15 572	Alf.olav.sætre@vassbakk.no
Tjeran H. Pettersen	Birkeland AS	982 42 627	Tjerand@birkeland.no
Caroline Stoknes	Birkeland AS	473 69 424	caroline@birkeland.no

Vindafjord kommune minne om avtale med grunneigar. Entreprenør må retta seg etter denne.

- **Riggområde:** Vindafjord kommune kan ikkje tilby riggområde for kontrakten. Dette må entreprenør ordne sjølv.
- **Heile traseen:** Mykje av traseen går på Eike garden. Må ta omsyn til bonden sin daglege drift og tilkomst på traktorvegen. Traktorveg må entreprenør opprustast etter endt anlegg. Mykje graving i ekre. Det er regulerbare postar for dreinsleidning og leirpropp. Det er nokre OV og dreinsrør som kryssar traseen. Kloring, nøytralisering etter prosedyre og levering i høve til forskrift. Kan bli aktuelt med sprenging/pigging på deler av traseen.
- **PEL 3870:** Start V-15.
- **Pel 4010:** Stort OV-rør kryssar trasé. Aktuelt med prøvegraving her.
- **PEL 4000 - 4300:** Rekna med mykje vatn i grøft. Bruk av leirpropp eller dreinsleidning. Kan treffe på fjell i grøft her.
- **Pel 4390:** V-16 ligg i traktorveg. Kan vera fjell i trasé.
- **PEL 4520 og utover i vatnet:** Grunnforhold er veldig dårleg.
- **PEL 4500 - 5010:** Entreprenør gjer seg kjent med dokumentet som omhandlar tiltak i vassdrag og gjeldande lovar og reglar. Tar eventuelle kostnader knytt til dette inn i anbudet sitt. Arbeid i vassdraget kan skje kun i august og september.
- **PEL 4500 - 5010:** Entreprenør må disponere all naudsynt utstyr for arbeid i vatn. Dette kan inkludert mellom anna båtar, vinsj, ROV og dykkarteam. Det er opp til entreprenør å velje metode og utstyr. Alt utstyr som er naudsynt for legging i Røyrvatnet skal vera inkludert i pris.
- **PEL 4500 – 5010.** Det skal utførast TV-kontroll av leidning etter den er lagt i Røyrtjørna. Byggherre godkjenner legging. Leidning skal belastast iht. 25% luftfylling. Entreprenør vel type søkke for leidning.
- **PEL 4990:** Dårlege grunnforhold. Krevjande parti å arbeid i.
- **PEL 5050:** Kummer står i ulike høgder. Gjeld V-17 og V-20.
- **PEL 5050 - Stenging vatn:** Det må planleggast godt og varslast i god tid. Kommunen bistår med stenging. Stenging aktuelt på kveld og natt.
- **Marksikringsplan:** Det vil vera ekstra tiltak for entreprenør i samband med vegetasjon i område. Entreprenør må gjera seg kjent med planen og ta inn eventuelle kostnader.